

Nordhordland seilforening

Manger 28.8.2019

Postboks 126

5918 Frekhaug

Org.nr : 989705318

Kontonr: 363252 42560

Til Radøy kommune

Søknad om midlar frå Ekstraordinær tilskotsordning for lag og organisasjonar 2019.

Søkjjar er Nordhordland seilforening.

Søknaden gjeld tiltak i friområdet på Uttoska.

Målet er å få lagt ut ei lita flytebrygge , laga ein platning og gapahuk på land. Dette vil føra til at området blir meir brukt. Dette kan vera som uthamn i forbindelse med seglturar i Hjeltefjorden , stoppestad for ein padletur rundt Toska , som ei uthavn for forbipasserande båtturistar eller ein stoppestad for andre som berre er ute på ein dagstur. Området me ynskjer å tilretteleggja i, er ei god hamn i ly for vind og vær. Det er eit fint natur- og rekreasjonsområde, og ein kan òg nå det til fots. Tiltaket skal kunna nyttast av alle. Vi vil leggja vekt på at tiltaket blir tilrettelagt for bevegelseshemma.

Planane blei lagt fram for Bergen og omland friluftsråd som disponerer området. Dei synest det var eit positivt tiltak og hadde som eigar av området ingen innvendingar.

Søknad om tiltaket er sendt Radøy kommune 15.05.19 og har saksnr.19/567.

Enkel skisse av prosjektet følgjer vedlagt.

Prosjektet er ikkje ferdig kostnadsrekna , det må me venta med til me har fått byggeløyve.

1